



Jobbnorge-ID: 109221

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Driftsteknikar (fagarbeider med fagbrev) - 2 stillingar

Eiendomsavdelinga ved UiB har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av universitetet sin samla bygningsmasse, som omfattar rundt 95 bygg med i alt 377.000 m², inkl. innleie av 73.000 m². Avdelinga har ca. 100 tilsette og forvaltar et driftsbudsjett på ca. 400 mill. og et investeringsbudsjett på ca. 100 mill. Avdelinga er organisert i 3 einingar - Prosjekt, Drift og Arealforvaltning, i tillegg til eiendomsdirektøren sin stab som også omfattar personal og økonomi. Bygningsmassen er lokalisert til Nygårdshøyden og Årstadvollen.

Kontor for drift har det daglege ansvaret for FDVU av bygg, tekniske installasjonar og utomhusareal. Den samla bygningsmassen er inndelt i 4 driftsområde - tre er lokalisert på Nygårdshøyden og eit er lokalisert på Årstad/Haukelandsområdet. Driftsområda vert leia av ein områdeleiar som rapporterer til leiaren for Kontor for drift. Ved kvart driftsområde er det vedlikehaldsleiar og driftsleiar som rapporterer til områdeleiar. Driftsområda har dessutan fagarbeidarar og driftsoperatørar som arbeidar på dagtid.

I samband med at UiB overtar drifta i eigne bygg på Marineholmen, er det ledig 2 faste 100 % stillingar som driftsteknikar ved Eiendomsavdelinga, Kontor for Drift. Stillingane er pt. plassert i driftsområde 3.

Stillingane rapporterer til drifts- og vedlikehaldsleiar og vil til dømes ha følgjande arbeids- og ansvarsområde:

- ☐ dagleg drift og vedlikehald av bygningsmassen, fagarbeidarar vil så fremt tenesta tillet det ha hovudvekt innan sitt fagfelt.
- ☐ deltaking i anna tilfeldig arbeid etter behov.

Søkjaren må ha følgjande kvalifikasjonar:

- ☐ fagarbeidarutdanning med fagbrev, fortrinnsvis innan faga kjøling, rør, elektro, eller ventilasjon.
- ☐ relevant erfaring frå drift og vedlikehald av bygg og tekniske anlegg. Erfaring frå større tekniske anlegg med varmepumper, kjølemaskiner, sjøvannsanlegg, klimarom, rentvannsanlegg, laboratorier etc vil verte vektlagt særskilt.
- ☐ evne til å vere samarbeidsorientert og serviceinnstilt
- ☐ evne til å arbeida effektivt, sjølvstendig, nøyaktig og ryddig
- ☐ førarkort for bil

Vi ser det som eit føremon at søkjar:

- ☐ har generell IT-kunnskap, herunder SD-anlegg, brannalarm-anlegg, adgangskontroll etc
- ☐ er løysingsorientert med evne til å kunne arbeide planmessig og sjølvstendig
- ☐ personlege eigenskaper vil bli lagt vekt på

Hos oss kan du forvente:

- ☐ varierte og utfordrande arbeidsoppgåver
- ☐ inspirerende, inkluderende og triveleg arbeidsmiljø
- ☐ opplæring og moglegheit for vidareutdanning og utvikling
- ☐ velferdsordningar som bedriftsidrettslag, bedriftshytter, kulturarrangement og bedriftsbarnehage.
- ☐ god pensjons- og forsikringsordning i Statens pensjonskasse
- ☐ boliglån til gunstige vilkår i Statens Pensjonskasse, pt 1,7mill til 2,472% effektiv rente
- ☐ Her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: <http://www.uib.no/poa/karriere-ved-uib/>

Løn:

- ☐ Tilsetting i stilling som driftsteknikar (kode 1136), ltr. 45-50 (kr. 397'-430'), etter kvalifikasjonar. For særskilt godt kvalifiserte søkjarar kan det vurderast høgare lønn.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

- ☐ Områdeleiar Arvid Arnesen, Driftsområde 3 og 4 - tlf:55589391, mob. 915 62 209
- ☐ Bygningssjef drift Jan-Terje Nygaard, mob 915 64650

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Søknad og CV skal sendas elektronisk via www.jobbnorge.no til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om dette.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjord offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Søknadsfrist: 20.02.2015

Søknaden skal merkas: 15/206

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: